

Kommune- og regionprofilar

Forarbeid til regional planstrategi

Januar 2012

AUD- rapport nr. 1-12



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Kommune- og regionprofilar

Hordaland fylkeskommune skal utarbeide Regional planstrategi for Hordaland 2012-2016. Planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til kva spørsmål som skal takast opp gjennom regional planlegging dei nærmaste fire åra. Som bakgrunn for arbeidet har Hordaland fylkeskommune, ved stabseining for analyse, utgreiing og dokumentasjon i Regionalavdelinga, utarbeida region- og kommuneprofilar med ei rekkje variablar som viser utviklinga i regionane og kommunane i Hordaland. Analysen fokuserar på regionar, her forstått som eit nivå mellom kommune og fylke. Fylket er da delt inn i åtte regionar, to av desse (Bergen og Voss) består av berre ein kommune.

Region- og kommuneprofilane er laga som radardiagram, og viser verdiar for demografi, geografi og miljø, folkehelse, nærings- og arbeidsliv og kultur.

Variablane er standardisert mot nasjonale tal soleis at dei kommunane og regionane som gjer det betre enn landsgjennomsnittet får positive verdiar og ligg utanfor den blå ringen i diagramma, mens kommunar og regionar som gjer det verre enn landsgjennomsnittet får negative verdiar og ligg innanfor den blå ringen. Den blå ringen markerer det nasjonale snittet, og kommunane er markert med raude linjer som går innanfor og utanfor denne ringen (fylket er markert med lilla prikka linje og regionane er markert med grøn stipla linje).

Dess større avvik ein kommune eller region har frå det nasjonale snittet, dess lengre innanfor eller utanfor strekk linjene seg.


Generelt gjer hordalandskommunane det best på dei variablane som omhandlar folkehelse og arbeids- og næringsliv (sjå arket *Styrker*, side 43), mens dei gjer det verst på demografivariablane (sjå arket *Svakheiter*, side 44).

Diagramma gir oss eit *tverrsnitt* av Hordaland i dag, men gir oss ikkje informasjon om utvikling over tid. Datasettet bak diagramma kan på sikt byggjast ut til tidsseriar. Sjå appendiks for meir informasjon om metode, variabeldefinisjonar og måletidspunkt.


Innhald

Etne.....	3
Sveio	4
Bømlo	5
Stord	6
Fitjar.....	7
Tysnes.....	8
Kvinnherad	9
Austevoll.....	10
Sunnhordland	11
Jondal	12
Odda	13
Ullensvang	14
Eidfjord	15
Ulvik.....	16
Granvin	17
Kvam.....	18
Hardanger.....	19
Voss	20
Fusa	21
Samnanger.....	22
Os.....	23
Bjørnefjorden	24
Bergen	25
Askøy	26
Sund.....	27
Fjell	28
Øygarden	29
Vest.....	30
Vaksdal	31
Modalen	32
Osterøy.....	33
Osterfjorden	34
Meland	35
Radøy.....	36
Lindås.....	37
Austrheim	38
Fedje	39
Masfjorden	40
Nordhordland	41
Regionane samla	42
Styrker	43
Svakheiter.....	44
 <i>Appendiks</i>	
Metode for standardisering	45
Variabeldefinisjonar	46


Etne




Sveio




Bømlo




Stord




Fitjar




Tysnes




Kvinnherad




Austevoll




Sunnhordland




Jondal




Odda




Ullensvang




Eidfjord




Ulvik




Granvin




Kvam




Hardanger




Voss




Fusa




Samnanger




Os




Bjørnefjorden




Bergen




Askøy




Sund




Fjell




Øygarden




Vest




Vaksdal




Modalen




Osterøy




Osterfjorden




Meland




Radøy




Lindås




Austrheim




Fedje




Masfjorden




Nordhordland




Regionane



Styrker



Svakheiter (rotert diagram)



Metode for standardisering

Variablane er standardisert mot nasjonale tal etter følgjande skrittvisе måte:

- 1) Dei nasjonale tala er satt til 100, og tala for kommunane, regionane og fylket er rekna i prosent av dette.
 - a. Om til dømes 10,2 % av befolkninga i landet har innvandrarbakgrunn, og 7,1 % av befolkninga i Etne har innvandrarbakgrunn, får landet verdien 100, og Etne får verdien 69,7. Vi reknar høg innvandrarbakgrunn som positivt for kommunane, og held på desse verdiane.
 - b. I andre høve er låge verdiar positive, som ved arbeidsløyse. Da reknar vi med motsatt forteikn: om det er 2,6 % arbeidslause i landet, og 1,8 % arbeidslause i Bømlo, får landet verdien 100, og Bømlo får verdien 129,4.
- 2) Vi reknar deretter ut avviket frå det nasjonale talet. Sidan det nasjonale ikkje kan avvike frå seg sjølv, blir dei nasjonale verdiane satt til 0. I døma over, får Etne -30,3 i verdi for innvandring, og Bømlo får 29,4 i verdi for arbeidsløysa.
- 3) Deretter skalerer vi avviket slik at alle verdiane blir relative til den kommunen med det største absolutte avviket: alle verdiane blir multiplisert med 100 og delt med den absolutte verdien av det største avviket. Om det største avviket er positivt, vil den aktuelle kommunen få verdien 100 på den aktuelle variabelen, og om det største avviket er negativt, vil den aktuelle kommunen få verdien -100 på den aktuelle variabelen. På den måten vil inga avvik være større enn +/- 100, og den nasjonale verdien er alltid 0.
- 4) I to tilfelle får Modalen ekstreme avvik som ligg langt unna dei andre kommunane. Dette gjeld i forhold til *kompetansesarbeidsplassar* og *idrettslag*. I desse tilfella blir Modalen sin verdi på den aktuelle variabelen handsama som "uteliggjande avvik" og ignorert i trinn 3. Deretter er kommunen gitt verdien (+/-) 100. Det ekstreme avviket er dermed normalisert til å vere like stort som det største ikkje-ekstreme avviket. I eitt tilfelle får Ulvik eit slikt ekstremavvik (gjeld *omdisponering av jord*), og i eitt tilfelle Eidfjord (*gang- og sykkelveg*ar). For *utslepp til luft* får Lindås og Nordhordland ekstremverdiar, og for *endring i utslepp til luft* får Fitjar og Øygarden ekstremverdiar.
- 5) I fire tilfelle (dødelegheit menn, dødelegheit kvinner, uføre, sjukefråvær) har vi ikkje kunne rekne korrekte verdiar for regionane Sunnhordland, Hardanger, Bjørnefjorden, Vest, Osterfjorden og Nordhordland. Dette fordi kjeldene gir oss data i relativ storleik. I desse tilfella har vi rekna ut eit vekta gjennomsnitt av kommunane i regionen, der folketalet i kvar kommune per 1. januar 2011 er nytta som vektingsgrunnlag. I tilfellet turstiar, har vi i tillegg til regionane heller ikkje kunne rekne korrekte verdiar for Hordaland, og i dette tilfellet har vi nytta middelfolketalet for 2010 som vektingsgrunnlag.

Med ei slik standardisering vil vi få tydeleg variasjon mellom kommunane, og variasjonen mellom dei einskilde variablane vil vere samanliknbar. Det vil den ikkje vere berre med skritt 1 og 2.

Variabeldefinisjonar

Folkevekst

Folkevekst er målt i prosent frå 2001 til 2011. Den nasjonale veksten i perioden var på 9,3 %. Størst vekst hadde Askøy med 27,4 %, og størst nedgang hadde Fedje med -14,7 %. Veksten i Hordaland var på 11,3 %. Folkevekst over den nasjonale veksten er rekna som positivt (standardisering 1a). Dei standardiserte verdiane i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, 76, -100 og 9. *Kjelde: SSB.*

Snittalder

Gjennomsnittsalderen i kommunane, per 1. januar 2011. Snittalderen i landet var på 38,7 år, Hordaland 37,9 år. Eldst befolkning på Fedje (44,2 år), yngst befolkning i Fjell (34,8 år). Snittalder under den nasjonale snittalderen er rekna som positivt (standardisering 1b). Dei standardiserte verdiane i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, 15, -100 og 72. *Kjelde: egne berekningar basert på SSB.*

Utdanningsnivå

Utdanningsnivået er rekna som del av dei sysselsette med universitets- eller høgskuleutdanning, etter bustad, per 2009. Landsgjennomsnittet var 31,2 % og hordalandssnittet 31,9 %. Det høgste utdanningsnivået finn vi i Bergen (39,2 %) og det lågaste i Øygarden (16,6 %). Høgare utdanningsnivå enn landsgjennomsnittet er rekna som positivt (standardisering 1a). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, 5, 54 og -100. *Kjelde: SSB.*

Tettbygd

Tettbygd gir eit mål på kor stor del av folketalet som bur i tettbygde strøk per 1. januar 2009. Definisjonen av tettbygde strøk frå SSB: *“En hussamling skal registreres som et tettsted dersom det bor minst 200 personer der og avstanden mellom husene skal normalt ikke overstige 50 meter. Det er tillatt med et skjønnsmessig avvik utover 50 meter mellom husene i områder som ikke skal eller kan bebygges. Dette kan f.eks. være parker, idrettsanlegg, industriområder eller naturlige hindringer som elver eller dyrkbare områder. Husklynger som naturlig hører med til tettstedet tas med inntil en avstand på 400 meter fra tettstedskjernen. De inngår i tettstedet som en satellitt til selve tettstedskjernen. Tettsteder er geografiske områder som har en dynamisk avgrensing, og antall tettsteder og deres yttergrenser vil endre seg over tid avhengig av byggeaktivitet og befolkningsutvikling. Tettstedene avgrenses uavhengig av de administrative grensene”* (<http://www.ssb.no/beftett/om>). Landsgjennomsnittet er 78,8 % og hordalandssnittet er 78,6 %. Størst del av folketalet i tettbygd strøk var det i Bergen (97,4 %), mens det ikkje budde nokon i tettbygd strøk i Jondal, Øygarden, Modalen og Masfjorden. Større del folketal i tettbygd strøk enn landsgjennomsnittet er rekna som positivt (standardisering 1a). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, -0,2, 24, -100, -100, -100 og -100. *Kjelde: SSB.*

Omdisponert jord

Dekar omdisponert jord per 1 000 innbyggjarar (middelfolkemengde), gjennomsnitt 2005-2010. Landsgjennomsnittet var 3,5 og hordalandssnittet 1,9. Det høgste talet finn vi i Ulvik (29,1) og det lågaste i Austevoll (0). Vi har valt å handsame Ulvik som “uteliggjande avvik” og nytte Fitjar (22,1) som standardiseringsreferanse. Høgare tal omdisponert jord enn landsgjennomsnittet er rekna som negativt (standardisering 1b). Ulvik får sin standardverdi -100 etter at dei andre kommunane er gitt

verdiar basert på differansen mellom Fitjar og landsgjennomsnittet (standardisering 4). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, 8, -100, 19 og -100. *Kjelde: Kostra.*

Utslepp til luft

Utslepp til luft i tonn CO₂-ekvivalentar per innbyggjar (middelfolkemengde) i 2009. Landsgjennomsnittet var 10,6 tonn og hordalandssnittet 8,8. Størst utslepp var i Lindås (122,8 tonn) og minst på Askøy (2,1 tonn). Vi har valt å handsame både Lindås og Nordhordland som "uteliggjande avvik" og nytte Øygarden (56,4 tonn) som standardiseringsreferanse. Høgare utslepp enn landsgjennomsnittet er rekna som negativt (standardisering 1b). Lindås og Nordhordland får sin standardverdi -100 *etter* at dei andre kommunane er gitt verdiar basert på differansen mellom Øygarden og landsgjennomsnittet (standardisering 4). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, 4, -100, 19, -100 og -100. *Kjelde: SSB.*

Endring i utslepp til luft

Endring i utslepp til luft i tonn CO₂-ekvivalentar per innbyggjar (middelfolkemengde) mellom 1991 og 2009, prosent. Landsgjennomsnittet var -5,1 % og hordalandssnittet -9,2 %. Størst reduksjon kom i Kvinnherad (- 70 %) og størst auke kom i Fitjar (+ 220 %). Vi har valt å handsame Fitjar som "uteliggjande avvik" og nytte Øygarden (+ 154 %) som standardiseringsreferanse. Utsleppsauke og lågare utsleppsreduksjon enn landsgjennomsnittet er rekna som negativt (standardisering 1b). Fitjar får sin standardverdi -100 *etter* at dei andre kommunane er gitt verdiar basert på differansen mellom Øygarden og landsgjennomsnittet (standardisering 4). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, 3, 41, -100 og -100. *Kjelde: SSB.*

Gang-/sykkelvegar

Turstiar er kilometer sykkel-, gangvegar, turstiar mm. med kommunalt driftsansvar per 10 000 innbyggjarar, etter sist tilgjengelege data (oftast 2010). Unntaka er Jondal (2007), Ulvik (2008), Sund (2008), Modalen (2006), Austrheim (2007) og Masfjorden (2007). Landsgjennomsnittet var 38 km og hordalandssnittet 12,4. Lengste turstiar finn vi i Eidfjord (156 km) og Ulvik og Fedje (119 km kvar), og kortaste stiar finn vi på Osterøy (1 km per 10 000 innbyggjarar). Vi reknar Eidfjord som eit ekstremavvik (standardisering 4). Fleire kilometer enn landsgjennomsnittet er rekna som positivt (standardisering 1a). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, -32, 100, 100 og -46. *Vekta gjennomsnitt for regionane (standardisering 5). *Kjelde: Kostra.*

Kvinnedel

Kvinnedel er tal kvinner i alderen 20-39 per 100 menn i same alder, per 1. januar 2011. Landsgjennomsnittet er 96 og hordalandssnittet er 94. Størst kvinnedel finn vi i Meland (104), og lågast i Austrheim (78). Større kvinnedel enn landsgjennomsnittet er rekna som positivt (standardisering 1a). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, -11, 45 og -100. *Kjelde: SSB.*

Innvandrardel

Innvandrarar er rekna som førstegenerasjonsinnvandrarar utan norsk bakgrunn samt norskfødde med innvandrarforeldre, per 1. januar 2011. Landsgjennomsnittet er 10,2 % og hordalandssnittet er 8,6 %. Størst innvandrardel finn vi i Austrheim (10,7 %), og lågast innvandrardel finn vi Masfjorden (2,6 %). Vi tenkjer oss at jobb- og bustadmarknaden både tiltrek seg innvandrarar og dreg nytte av

innvandring, så vi ser større innvandrandel enn landsgjennomsnittet som positivt (standardisering 1a). Standardiserte verdier i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, -21, 7 og -100. *Kjelde: SSB.*

Dødelegheit

Dødelegheit er rekna i tal døde per 100 000 innbyggjarar i aldersgruppa 0-74 år, gjennomsnitt frå 1999 til 2008. Dødelegheita er rekna separat for kvinner og menn. Landsgjennomsnittet blant menn er 422 og hordalandssnittet er 396. Størst dødelegheit blant menn finn vi på Fedje (573), og lågast i Granvin (244). Landsgjennomsnittet blant kvinner er 243 og hordalandssnittet er 209. Størst dødelegheit blant kvinner finn vi i Eidfjord (312), og lågast i Austrheim. Data om kvinner manglar for Modalen. Vi reknar lågare dødelegheit enn landsgjennomsnittet som positivt (standardisering 1b). Standardiserte verdier i dei nemnte eksempla for menn er 0, 15, -85 og 100; for kvinner 0, 27, -55 og 100. *Vekta gjennomsnitt for regionane (standardisering 5). *Kjelde: Helsedirektoratet.*

Mobilitet

Mobiliteten er rekna som summen av innflytting og utflytting av kommunane til og frå andre kommunar eller land, i prosent av folketalet ved inngangen av kvart kvartal frå første kvartal 2001 til og med fjerde kvartal 2010. Talet som er lagt til grunn er gjennomsnittet av desse kvartala. Landsgjennomsnittet var 10,2 % og hordalandssnittet var 8,3 %. Størst mobilitet var det Modalen som hadde (12 %), og lågast mobilitet var det Kvinnherad som hadde (5,7 %). Mindre mobilitet enn landsgjennomsnittet er rekna som positivt (standardisering 1b). Dei standardiserte verdiane i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, 42, -42 og 100. *Kjelde: egne berekningar basert på SSB.*

Uføre

Uføre er målt som tal uførepensjonistar (mottakarar av uførepensjon frå folketrygda kap. 12) per 1 000 innbyggjarar i aldersgruppa 16-49 år, per 31. desember 2008. Variabelen inkluderer ikkje mottakarar av andre trygdeytningar som t.d. grunn- og hjelpestønad om desse ikkje samstundes mottek uførepensjon. Mottakarar av tidsavgrensa uførestønad er heller ikkje inkludert. Landsgjennomsnittet er 32 og hordalandssnittet er 28. Flest uføre per 1 000 innbyggjarar finn vi i Jondal (46), og færrest finn vi i Eidfjord (16). Vi reknar lågare uføregrad enn landsgjennomsnittet som positivt (standardisering 1b). Standardiserte verdier i dei nemnte eksempla er 0, 25, -88 og 100. *Vekta gjennomsnitt for regionane (standardisering 5). *Kjelde: Helsedirektoratet.*

Sjukefråvær

Sjukefråvær er legemeldt sjukefråvær for arbeidstakarar, målt som sjukefråværsdagsverk i prosent av avtalte dagsverk for alle arbeidstakarar 16-69 år busett i Noreg og registrert i arbeidstakarregisteret med et aktivt arbeidstakarforhold. Tala som er nytta her er gjennomsnitt av 1. kvartal 2008 til og med 4. kvartal 2010. Landsgjennomsnittet er 6,2 % og hordalandssnittet er 6,1 %. Det høgaste legemeldte sjukefråværet finn vi i Sund (7,5 %), og det lågaste på Fedje (4 %). Vi reknar lågare sjukefråvær enn landsgjennomsnittet som positivt (standardisering 1b). Standardiserte verdier i dei nemnte eksempla er 0, 3, -64 og 100. *Vekta gjennomsnitt for regionane (standardisering 5). *Kjelde: egne berekningar basert på SSB.*

Arbeidsløyse

Arbeidsløysa er prosent av arbeidsstyrken som er registrert heilt arbeidslause. Heilt arbeidslause er arbeidsføre personar som søker inntektsgivande arbeid ved Aetat og elles er disponible for det arbeidet som blir søkt. I tillegg må vedkommande ha vore utan inntektsgivande arbeid dei siste to

vekene. For kommunane, fylket og landet er arbeidsløysa henta ut i prosent og målt som gjennomsnitt av årsgjennomsnitt frå 2005 til og med 2010. For regionane er arbeidsløysa rekna ut som årsgjennomsnittleg tal arbeidslause delt på ei berekna arbeidsstyrke (summen av årsgjennomsnittleg tal arbeidslause pluss registrerte sysselsette i 4. kvartal), og målt som gjennomsnitt av årsgjennomsnitt frå 2005 til og med 2009. Dette kan gi nokre avvik frå måten arbeidsløysa er målt på for kommunane. Den landsgjennomsnittlege arbeidsløysa for perioden er på 2,6 % og hordalandssnittet er på 2,4 %. Størst arbeidsløysa finn vi på Fedje (3,7 %), og minst arbeidsløysa i Ullensvang (1 %). Vi reknar lågare arbeidsløysa enn landsgjennomsnittet som positivt (standardisering 1b). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er 0, 11, -78 og 100. *Kjelde: eigne berekningar basert på SSB.*

NæringsNM

NæringsNM er Telemarksforskning sin vurdering av næringslivets utvikling i perioden 2005-2009. Verdiane på denne variabelen er spesielle: NæringsNM er ei rangering av kommunane, regionane og fylka basert på samansette indeksar av nyetableringar, lønnsemd, vekst og næringslivets storleik. Med ei rangering misser vi forholdstalet i skalaen, og vi kan ikkje samanlikne skilnaden mellom plassering 1 og 2 mot skilnaden mellom plassering 2 og 3. Den forholdsmessige skilnaden mellom plassering 1 og 2 kan teoretisk vere større enn den forholdsmessige skilnaden mellom plassering 2 og 10 (eller eit anna sett med tal). Denne informasjonen misser vi i ei rangering. Vi må derfor leggje inn ei føresetnad om at avstanden mellom verdiane er likt fordelt før vi går vidare med standardiseringa, og analysar der NæringsNM (eller Attraktivitetsbarometeret) inngår, må tolkast med varsemd. I tillegg må trinn 1 i standardiseringa gjerast separat for kvart geografiske nivå, sidan rangverdiane ikkje er samanliknbare mellom nivåa. Landsverdien er sett til 215 i forhold til kommunane (8,5 i forhold til fylka). Hordaland sin verdi er 7. Den beste plasseringa av kommunane er det Fusa som har (7), og den lågaste har Masfjorden (418). Vi reknar lågare verdi enn landsverdien som positivt (standardisering 1b). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er 0 (0), 71, 100 og -98. ** Askøy er ikkje med i Region Vest i Attraktivitetsbarometeret og NæringsNM. Desse barometera gjeld berre Øygarden og Sotra. *Kjelde: Telemarksforskning, TF-notat nr. 31/2010.*

Attraktivitetsbarometeret

Attraktivitetsbarometeret er Telemarksforskning sin kårning av samla attraktivitet i kommunane og regionane i perioden 2000-2009. Attraktivitetsbarometeret er ei rangering av kommunane, regionane og fylka basert på samansette indeksar av busetnadsattraktivitet, besøksattraktivitet og bedriftsattraktivitet. Standardiseringa og tolkinga av denne må gjerast under same atterhald som NæringsNM. Landsverdien er sett til 215 i forhold til kommunane (8,5 i forhold til fylka). Hordaland sin verdi er 7. Det beste plasseringa av kommunane er det Fjell som har (4), og den lågaste har Fedje (426). Vi reknar lågare verdi enn landsverdien som positivt (standardisering 1b). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er 0 (0), 27, 100 og -100. ** Askøy er ikkje med i Region Vest i Attraktivitetsbarometeret og NæringsNM. Desse barometera gjeld berre Øygarden og Sotra. *Kjelde: Telemarksforskning, TF-notat nr. 31/2010.*

Kompetansearbeidsplassar

Kompetansearbeidsplassar er definert som arbeidsplassar/sysselsetting innan bransjar der minst 39,4 % av dei sysselsette har universitets- eller høgskoleutdanning, 2009. Landsgjennomsnittet er 37,3 % og hordalandssnittet er 38,6 %. Størst del kompetansearbeidsplassar finn vi i Modalen (60,9 %), men dette ligg så langt unna kommune nr. 2 (Masfjorden: 51,4 %) at vi har valt å handsame Modalen som

”uteliggjande avvik” og gitt verdien 100 etter at dei andre kommunane er gitt verdiar basert på differansen mellom Masfjorden og landsgjennomsnittet (standardisering 4). Lågast del finn vi på Bømlo (23,3 %). Vi ser større del enn landsgjennomsnittet som positivt (standardisering 1a). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, 9, 100 (100) og -100. *Kjelde: NIBR-rapport 2010:20.*

Etableringsindeks

Etableringsindeks er nye føretak unnateke offentleg forvaltning og primærnæringane i prosent av eksisterande føretak, gjennomsnitt av 2008-2010. Landsgjennomsnittet er 13,1 % og hordalandssnittet 13,5 %. Høgast etableringsindeks finn vi i Øygarden (16,9 %) og lågast på Fedje (5,1 %). Vi ser større del enn landsgjennomsnittet som positivt (standardisering 1a). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, 4, 47 og -100. *Kjelde: SSB.*

Framtidsnæringar

”Framtidsnæringar” er næringar som er i vekst eller som vi vurderer har vekstpotensiale. Dette gjeld informasjonsteknologi; informasjonstenester; omsetting og drift av fast eigedom; tenester knytt til eigedomsdrift; juridisk og rekneskapsmessig tenesteyting; hovudkontortenester og administrativ rådgjeving; arkitektverksemd, teknisk konsulentverksemd og teknisk prøving og analyse; forskning og utvikling; annonsering, reklameverksemd og marknadsundersøkingar; anna fagleg, vitskapleg og teknisk verksemd; utleige- og leasing; arbeidskrafttenester; vakthald og etterforsking; anna forretningsmessig tenesteyting; og anna personleg tenesteyting. Vi har målt ”framtidnæringane” sin del av den totale sysselsettinga (etter arbeidsstad) som eit gjennomsnitt av 2008 og 2009. Landsgjennomsnittet er 12,9 % og hordalandssnittet er 12,6 %. Størst del sysselsette i ”framtidnæringar” finn vi i Bergen (15,5 %), og lågast del sysselsette finn vi på Fedje (1,3 %). Vi ser større del enn landsgjennomsnittet som positivt (standardisering 1a). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, -3, 23 og -100. *Kjelde: SSB.*

Kultursysseletting

Kultursysseletting gjeld òg dei som er sysselsett i idrett og organisasjonar (følgjande næringar er valt: kunstnarisk verksemd og underhaldning; drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd; sports- og fritidsaktivitetar og drift av fornøyelsesetablisement; og aktivitet i medlemsorganisasjonar). Vi har målt denne sysselsettinga sin del av den totale sysselsettinga (etter arbeidsstad) som eit gjennomsnitt av 2008 og 2009. Landsgjennomsnittet er 2,5 % og hordalandssnittet er 2,3 %. Størst del sysselsette i kultur, idrett og organisasjonar finn vi i Samnanger og Øygarden (3,8 %), og lågast del sysselsette finn vi på Tysnes (0,8 %). Vi ser større del enn landsgjennomsnittet som positivt (standardisering 1a). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, -12, 74 og -100. *Kjelde: SSB.*

Kulturskolen

Elevar (brukarar) i grunnskolealder i kommunanes musikk- og kulturskole for skoleåret 2010-2011, i prosent av tal barn mellom 6-15 år per 1. januar 2011. For at elevtalet skal vere samanliknbart med befolkningsgrunnlaget, er det brukt 7/12 av elevtalet for skoleåret 2009-10 og 5/12 av elevtalet for skoleåret 2010-11. Landsgjennomsnittet er 14,8 % og hordalandssnittet er 10,3 %. Størst del barn i musikk- og kulturskole finn vi i Modalen (75,3 %), og lågast del finn vi i Fjell (9,3 %). Vi ser større del enn landsgjennomsnittet som positivt (standardisering 1a). Standardiserte verdiar i dei nemnte

eksempla er høvesvis 0, -7, 100 og -9. *Kjelde: Eigne berekningar basert på Grunnskolenes informasjonssystem.*

Idrettslag

Medlemmer i idrettslag i prosent av totalbefolkninga, per 31. desember 2010. Ein person kan vere medlem i fleire idrettslag, men vi har ikkje individdata, så prosentdelen er for høg om vi skal rekne attende til tal personar. Prosentdelen gir oss likevel eit godt bilete av idrettsaktivitet.

Landsgjennomsnittet er 36 % og hordalandssnittet er 35,1 %. Størst medlemsdel finn vi på Voss (57 %), og lågast del finn vi i Granvin (15,6 %). I Modalen er det ikkje registrert medlemmer i idrettslag. For at denne kommunen ikkje skal forstyrre standardiseringa, er Modalen handsama som "uteliggjande avvik" og gitt verdien -100 etter at dei andre kommunane er gitt verdiar basert på differansen mellom Voss og landsgjennomsnittet (standardisering 4). Vi ser større del enn landsgjennomsnittet som positivt (standardisering 1a). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, -4, 100, -97 og -100. *Kjelde: Norges idrettsforbund, Hordaland idrettskrets.*

Kulturutgifter

Netto driftsutgifter for kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter, gjennomsnitt av 2008-2010. Landsgjennomsnittet er 4,4 % (estimat 2010) og hordalandssnittet er 4,5 %. Størst del kulturutgifter finn vi i Eidfjord (10,7 %), og lågast del kulturutgifter finn vi på Os (0,6 %). Vi ser større del enn landsgjennomsnittet som positivt (standardisering 1a). Standardiserte verdiar i dei nemnte eksempla er høvesvis 0, 1, 100 og -60. *Kjelde: KOSTRA.*

Datasekk

<http://bit.ly/Ustandardisert> viser det ustandardiserte og <http://bit.ly/Standardisert> viser det standardiserte datasettet på regionnivå. Ein kan få opp kommunedata i nedtrekksmenyane.